

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. Fylke: Sogn og Fjordane.  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Bremanger.  
 Emne: Ard og plog. Bygdelag:  
 Oppskr. av: Alv Övrebotten Gard:  
 (adresse): Kjelkenes. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
 Delvis.  
 Alfred Sande, Svelgen i Nordgulen, grbr. 70 år.

## SVAR

1. Ard er ikkje i bruk no. "Du får ta aren og plögje," vert sagt endå (Alfr. Sande).
2. Hyppeplogane er kjøpte no. Før dei og hestehakka kom i bruk, hyppa dei potetene med grev.
4. Typene 1-3 har eg ikkje høyrt om.
6. Draget til plog heiter eit drøtte. Det var laga slok at det nede ved tvertreet var leder. Ledene var lagaslik at det i tvertreet var eit hol og i nedste enden av skåka var eit hol. Så hadde dei to flate stykke med hol i begge endane. Så sette dei nokre naglar gjennom hola. På naglane var hovudet under, oppe gjekk det spikrar gjennom naglane slik at dei vart haldne på plass. Skåka på vogn var kalla ei tilje i Gulen, men dette var ikkje brukt i Botnane.
9. Nei.
11. Alfr. Sande hugsar at han har sett både type 5 og 7. Type 5 var betre å halde. Far til Alfr. Sande hadde ein av type 7. Den var arbeiddt av ein smed i Nordfjord. Han hugsar at Per Sande hadde ein treplog. Han trur det var djupnestille på den frå Nordfjord.
13. No er det fabrikkplogar alle stader. Overgangen er det vandt å tidfette, men om lag ved hundreårsskiftet byrja bruken av moderne plogar.
14. Dette kan eg ikkje gje noko opplysing om.
15. Kjenner ikkje til dette.
16. Det fyrste eg minnst, velte dei ploggen til den sida veltefjöla var, seinare har eg sette det andre og.
17. Ukjent.
18. Eg har aldri høyrt om slike plogar her.
- 19, 20, 21, 22, 23, Kjenner ikkje til dette.

Ard vert uttala are(ein) einstavingstonelag.  
 Plog vert uttala ploge (ein) "

Febr. 1951.

5776